

Spørsmål til Ordføreren.

Spørsmål 1.

I eit vedtak frå kommunestyre den 18.06.2015 sak 2015/41 : Godkjenning av detaljplan endring for 199/165, 199/170, 199/171 og 199/172- Hyttefelt Grunnvåg- Halsnøy- Øybygg AS fremgår det i **punkt 4:** §4.1.1 skal endrast til: Etter at byggetiltak er gjennomført og seinast 5 år etter planen er godkjent, skal synlege inngrep som vegskråningar tilpassast, tilplantast samt sikrast med nødvendig rekkverk og gjerde.

Punkt 5: Frå f_V3 skal felles køyreveg f_V1 omgjerast til felles gangveg med ein maksimal bredde på 1,5 m.

Etter å ha blitt kontakta av naboar som er direkte berørte av vegen og som ved fleire høve har vore i kontakt med kommunen og etterlyst effektivering av vedtaket i kommunestyret om tilbakeføring av anleggsvegen til gangveg , lurar eg på om Ordføreren kan redgjøre for kva som gjer at vedtaket ikkje er effektuert, og når dette blir i gang?

Spørsmål 2:

Som en del av planprogrammet for Regionsenteret Husnes hadde Kvinherad kommune i 2018 ein ide dugnad på Husnes der ein vektla møteplassar som viktige. Fylket hadde før dette møte ytt kr 150.000 til mulighetsstudien «møteplass Husnes». Mogleighetsstudien vart avslutta oktober 2018 og formannskapet fekk orientering om prosjektet November same år. I februar 2019 bevilga levekårskomiteen kr 700.000 frå dispensasjonsfondet til eit forprosjekt. I August 2019 ber prosjektet om meir pengar og får innvilga kr 400.000,- med 7 mot 2 røyster. Så langt har altså forprosjektet kosta Kvinherad kommune 1,1 millioner.

Etter august 2019 har det vore stilt om prosjektet og det har ikkje skjedd noko i nemnd område møteplassen er tiltenkt.

- Kva er status for dette prosjektet?
- Kjem det ny sak til behandling som vedkjem dette prosjektet?
- Kor mykje av dei 1.1 millionane er brukt, og korleis er dei brukt?

Spørsmål 3:

Kommune TV er eit godt nytta alternativ for innbyggjarane våre til og følgje dei politiske utvala og sakene dei er opptekne av eller berørt av. No har samfunnet opna at og det same gjeld utvalsmøta. I lys av dette har det komme henvendinger fra innbyggere om tilbudet om å følge utvalgsmøta på kommune TV nå forsvinner. Ordninga har bidratt til økt engasjement hjå innbyggjarane våre, og gjer det lettare for berørte partar og følgje saka si utan og måtte reise (i nokon tilfelle langt) for å få dette med seg.

Kan Ordføreren syta for at ordninga blir vidareført sjølv om samfunnet er opna opp? Om ikkje, kan Ordføreren gje ei begrunning for kvifor dette ikkje let seg gjera?

Spørsmål 4:

Forvaltningsutvalet behandla i møte den 06.10.2021 sak 2021/93 Klage- Nydyrking- 196/29- Sæbøvik-Bernt Mehammer Tofte. Forvaltningsutvalet sitt vedtak var:

Forvaltningsutvalet tek klagen til følgje og gjer om vedtak av 25.06.2022. Løyve vert gitt som omsøkt. Etter ei helhetlig vurdering vil tiltaket ikkje få vesentlege negative verknader for naturmangfald eller andre viktige miljøhensyn. Ref. paragraf 6 i forskrift om nydyrking. Forvaltningsutvalet har ei forventning om at tiltaket vert slutthandsama innan rimeleg tid.

I eit brev til Bernt Mehammer Tofte den 12.10.2021 skriv sakshandsamar i kommunen at tiltaket kan ikkje iverksetjast før det er omsøkt om og godkjent etter plan- og bygningslova. I møte i forvaltningsutvalet vart det sagt at det var ei tvilssak som kunne vippe eine eller ande vegen, og

forvaltning valde og behandle det som ei landbrukssak, og nå vel administrasjonen og gå andre vegen.

Kan Ordfører redgjera for kva som har skjedd i denne saka ? og kvifor han administrasjonen vald og behandle saka som ein plan og byggingssak og ikkje landbrukssak slik forvaltningsutvalet har fatta vedtak etter?